

SKOLEEKSAMEN I

SOS2001 - Moderne sosiologisk teori

Mandag 30. november 2015
6 timar

Det er ikkje tillate med nokre hjelpemiddel, anna enn ordbøker som er kontrollert av SV-infosenter, under eksamen.

Sensur for eksamen fell 22. desember kl. 14.00. Sensuren blir publisert i Studentweb om lag kl. 15.00 same dag.

Sensuren blir rekna som motteke av studentane når han blir publisert i Studentweb. Vi minner om at kandidatar som ønskjer grunngjeving må be om dette **seinast 1 veke etter sensur har falle**. Frist for å klage på karakteren er tre veker etter sensur har falle. Informasjon om rutinar for grunngjevingar og klagar ved ISS finn du på emnesida.

Oppgavesettet har av **2 sider** inkludert denne.

Kandidaten skal levere både originalen og kopien av svaret. Ein skal ikkje levere kladd.

NB! Skriv hardt nok til at kopien blir leseleg. Du kan ikkje bruke tusjpenn.

Hugs å notere deg kandidatnummeret ditt.

Du skal svare på både oppgåve 1 og oppgåve 2. I oppgåve 2 svarar du anten på oppgåve 2A, eller 2B. Oppgåve 1 tel 1/3 og oppgåve 2 tel 2/3 av den endelege karakteren.

NB! Ein sensor skal også lese kopien av svaret. Skriv slik at det blir leseleg.

OPPGÅVE 1

Gjer kort greie for tre av seks følgjande omgrep med utgangspunkt i pensum. Gje gjerne døme.

1. Rollekonfliktar
2. Dualiteten i strukturen
3. Stand
4. Sosialt bytte
5. Mekanisme-baserte forklaringar
6. Velferdsstatsregime

OPPGÅVE 2

Svar på ÉI av følgjande langsvarsoppgåver:

Anten 2A:

Gjer greie for hovudtrekk i teorien om rasjonelle val. Diskuter teorien opp mot éin eller fleire andre teoriar om handling på pensum, (til dømes innanfor mikrointeraksjonismen eller rolleteori).

Eller 2B:

Gjer greie for hovudtrekk ved Bourdieus teori om kulturell kapital og tilhøvet til denne i høve til dei andre kapitalformene. Diskuter tilhøvet mellom klasse, smak og forbruk i lys av denne teorien. Trekk inn Gartmans kritikk av Bourdieus analyse. Tykkjer du Gartmans tilnærming gjev eit godt utgangspunkt for å forklare smak og forbruk?

Lukke til!